



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 3 – DESEMBER 2019

24. ÅRGANG

«Vinterstemning på Rekdal»



Foto: Helge Bjerkevoll

Gledeleg jul!

Drama i jula?

Ved Ellen Edvardsen

Vi tenkjer kanskje ofte på juleevangeliet som ei søt og koseleg forteljing med englar, stjerner, små lam og flotte gåver. Juleforteljinga er kanskje ikkje den mest dramatiske forteljinga i Bibelen, men «stille» drama finn vi... Maria var kanskje berre 14 år, ho ville ikkje vore konfirmant eingong viss ho hadde levd i våre dagar. Ho sa JA til å bere fram Jesus. Ho risikerte at Josef ikkje ville vere saman med ho lenger. Det var ikkje sikkert familien ville ha noko med ho å gjere.

Snakkis

Vi veit ikkje korleis folk tok imot Maria i Nasaret, men det var antakeleg ikkje heilt enkelt å bli trudd på av folk flest...? «Hei, du seier at du har fått besøk av ein engel, liksom, ja, trur du er så mykje betre enn oss andre, du då...» Det er vel ikkje fritt for at slike kommentarar ville ha kome i dag og i diverse kommentarfelt på nettet... Og Josef, ikkje enkelt for han heller. Det var vel ikkje slik han hadde sett for seg første tida med Maria. Han måtte nok på ein eller annan måte ha forsvara Maria: Det er verkeleg sant at engelen kom på besøk, Gud er far til barnet i magen til Maria. Så måtte han beskytte og ta vare på høggravide Maria på ei veldig strabasjos og slitsam reise. Når dei endeleg kjem fram, er det ikkje husrom til dei. Den straks fødande Maria blir altså avvist av eigne slektningar i Betlehem. Ville dei ikkje ta hand om ei som dei meinte hadde ført skam over seg?

Fosterfar

I den skitne og trekkfulle stallen, må då Josef ta imot den spesielle sonen han skal vere fosterfar for. Denne sonen får både besøk av gjetarar, sauer og flotte vismenn frå Østen med kostbare gåver. Forholdsvis stor kontrast som sikkert ikkje var heilt enkel å forstå...

Betlehem


Kongesonen Jesus blir ikkje fødd i Jerusalem på slottet, men like i nærleiken, i Betlehem som er: «...minst mellom slektene i Juda! Frå deg let eg ein herskar over Israel koma.» (Mika 5,1) Jesus blei fødd inn i verda i dei aller enklaste kår, samtidig som han eigentleg er den største kongen.

Så blir Jesusbarnet trua på livet og den vesle familien må bli flyktningar i Egypt, før dei etter nokre år kunne vende tilbake til Nasaret og kanskje leve etter måten roleg og normalt.

Stole på Gud

Maria og Josef sto midt i eit drama som forandra verds-historia. Det enormt gjennomgripande møtet dei måtte ha hatt med engelen gjorde at dei ville seie JA, dei stolte på at Gud ville vere med dei i alt som skulle skje.

Maria, ein tenåring. Josef, ein snekkar. Gud ville forandre verda med hjelp av to heilt vanlege menneske som sannsyn-



legvis ikkje utmerka seg på nokon ekstraordinær måte. Det seier meg at Gud vil bruke oss og, heilt uavhengig av kva vi eventuelt har oppnådd i livet.

Gud vil at vi skal seie JA!, stole på han og gjere det han ynskjer. Det blei jo absolutt ikkje berre enkle dagar for Maria og Josef. Gud lova ikkje Maria og Josef berre gode dagar. Det gjer han heller ikkje for oss. Men han lovar å vere med oss: «og sjå eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» (Matt 28.20).

Gud ville at gjetarane, som er nedst på rangstigen, skulle bli dei første som får høyre at sonen hans var fødd. Heilt frå starten fekk Jesus kjenne på kroppen livets harde realitet.

Jesus veit kor tøft livet kan vere. Og han veit korleis alle vi som bur i Vestnes har det. Han veit at nokre gler seg til jul og andre vil helst at jula skal gli stille forbi. Jesus sitt høgaste ynskje for jula er at vi skal rekne med han same korleis vi har det. Jesus går stille saman med oss i alt som skjer. Han er der med sin fred og eit ynskje om å vise kor inderleg glad han er i kvar einskild trass alle ytre omstende.

Midt i stormen

Som vismennene stolte fullt og fast på at den store stjerne leia dei til målet, slik vil Jesus at vi skal stole fullt og fast på HAN. Jesus sviktar aldri, han er tilgjengeleg non stop. Når alt anna raknar, er Jesus den einaste som framleis står fast i stormen. Salmeforfattaren Svein Ellingsen, som mista dottera si i ei trafikkulykke, skriv: «Sjølvs om grunnen rivast bort – ja, sjølv når botnen er nådd, kan aldri mennesket falle så djupt at ikkje Gud er endå djupare med sitt nærvær.» Så kan vi alle, same korleis stoda er, gå inn i jula 2019 med ein tryggleik i Jesu nærvær. For som ein ukjend forfattar skriv: «Dine verste dagar er aldri så vonde at du er utafor rekkevidda av Guds nåde. Og dine beste dagar er aldri så gode at du ikkje treng Guds nåde.»

Desse hendene – krusifikset i Tresfjord kyrkje

Av Martinus Løvik



Ved restaureringa av kyrkja til hundårsjubileet i 1928 vart det funne eit krusifiks vekkstua på loftet. Tresfjord-krusifikset skal vere laga etter reformasjonen. Var det likevel fordi det verka for «katolsk», eller var det fordi det hadde så rare, unaturleg store hender at det låg vekkgyøymt?

Alle veit vi at i hjartet bur kjenslene, både hat og kjærleik. Hjartet er eit mykje nytta kjærleiks-symbol, også i kristen samanheng. Me finn det i kyrkjene våre, mellom anna som ein del av symbolet over kordøra i Tresfjord kyrkje (biletet nedanfor). Jesu heilage hjarte var fylt av kjærleik som fekk Jesus til å gje livet sitt for å sone verdas synder og gje menneska nytt liv. Det har vore tilløp til ein kult av Kristi hjarte nede i Europa. I Paris ligg den vakre, kvite kyrkja Sacré-Coeur – Det heilage hjartet – eit viktig landemerke og ein stor attraksjon.



Medan kjenslene bur i hjartet, ligg handlinga i handa, eller rettare i hendene. Symbolikken til hendene er likevel mange-tydig. Å leggje hand på nokon representerer noko voldeleg, men å leggje handa på nokon er å gje trøyst og velsigning. «Varmer hender» gir lækjedom. Er du i nokon sine hender, er det ho/han som rår over deg, eller beskyttar deg. Det er dette siste som vert så vakkert uttrykt i salmen «Jeg er i Herrens hender, - ». Utstrakte armar kan bety både ein invitasjon og ei velsigning. Jesus sine løfta hender skal ha vore det siste læresveinane såg av han då han steig opp til himmelen.

Men kvifor er det så at Tresfjord-krusifikset har så store hender, slik vi òg ser det i ein del anna kyrkjekunst frå tidlegare hundreår? Det må vere for å understreke Kristi omsorg for menneska, at han er med oss alle våre dagar. Dei utstrakte armene med store hender legg ekstra tyngde i invitasjonen «kom til meg, alle som strevar og har tungt å bera, og eg vil gje dykk kvile» (Matteus 11, 28). Dei store hendene understrekar at Kristi kjærleik og omsorg også vart uttrykt i handling. Naglemerket er svært synleg, hendene kan vere gjort så store også for å gjere naglemerka tydelege og minne oss sterkare om Kristi død for oss på krossen. Ein død som var eit resultat av kjærleiken i hans heilage hjarte, «for at kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv» (Johs 3, 16).

Symbolikken i store hender må vere lite kjent, for då ein bilethoggar for nokre få tiår sidan laga ein stor marmorstatue av Kong Olav V på bestilling, ville ikkje Oslo ha den likevel då den var ferdig. Mellom anna var eit argument at statuen hadde så unaturleg store hender. Slik som Tresfjord-krusifikset. Bilethoggaren hadde nok overvurdert sitt publikum, dei forsto ikkje symbolikken i dei store hendene, kongens omsorg for landet sitt.

At hjartet og hendene, kjærleik og handling, må henge saman, forstår likevel også det moderne mennesket. Jamvel IKEAs kosepute er eit hjarte med hender. Kjærleik utan handling er ikkje nok.



Litt om juletradisjonar i Tresfjord

Av Ane-Kari Romestrand og Knut Romestrand

Dei fleste gardar har sine eigne juletradisjonar, kanskje skapt over lang tid. Når vi skal skrive litt om juletradisjonane i Ellinggarden og på Bretningane på Rypdal er det vår tradisjon. Då Ane-Kari var lita, budde Elling Rypdal og søstra Gjertrudanna i Ellinggarden. Dei to gardane vart framleis drivne kvar for seg. Til jul skulle alt fliast og vaskast. Det vart våningshusa, fjøset og stallen. Gjertrudanna fortalde at når vinden stod frå rette kanten, kunne ho høyre kyrkjeklokkene ringde inn jula når ho vaska ut kjøkenet og bislagtroppa klokka fem julaftan. Då byrja julehelga. Den tida var Steinhaugen ikkje skogkledd. I høyrbrøten låg alle høyvondelane ferdig viska til dyra første juledag, slik at folk slapp dette den dagen.

Det var ikkje berre husa som skulle vaskast. Det vert fortalt om ein mann som hadde teke seg ein skikkeleg julevask.

-I dag var eg den mest ljøsleitte mann som var i kyrkja sa han, då han kom att frå kyrkja andre juledag.

Fjorten dagar før jul låg julgeita på kvennalur. Men Ane-Kari trudde at ho heller låg og lurde i den store vedakosten utfør vedaskotet på Bretningane, og ho såg etter henne når ho skulle eit ærend dit.

Veslejulaftan sela far til Ane-Kari, Bård Rypdal på merra, hengde på dombjellene, spente føre stassleden, og køyrde ned i Syltebakken der slektningane Knut Rypdal, og seinare Sverre Rypdal dreiv butikk. Der handla han til jul.

Julaftan var det graut til middags klokka 12.00. Juletreet vart aldri pynta før julaftan. Julemiddagen var sauribbe med sviskersuppe. Attåt sauribba hadde vi ikkje kålrotstappe, men surkål. Denne tradisjonen fekk vi nok frå Oslo der bestefar til Ane-Kari budde, og der Elling Rypdal arbeidde i sine unge

dagar. Kveldsmaten var lefse og lutfisk. I mellomtid hadde folket vore i fjøset kanskje eit par timar, og var svoltne då dei kom inn. Seinare vart lutfisken erstatta med heimelaga rulle, grisesylte, leverpostei, lefse, ulike ostar og fleire sortar brød på bordet med meir. Alt heimelaga. Vi veit om ein heim der dei bad til seg einslege eldre menneske julaftan, og åt ribba samen med dei.

Første juledag var det lutfisk til middag. Denne dagen var det forbode å gå på besøk til nokon. Alle skulle halde seg heime.

Julebaksten var ei historie for seg. Flatbrødet og lefsene låg alt klar lenge før jula. Men julekakene var langt meir enn sju sortar. Julegåver var det derimot ikkje slik overflod av som no. Men eit nytt kleplagg var ofte ei kjærkommen gåve.

Andre juledag kunne folk treffast etter å ha vore heime første dag. Då var også Tresfjord-kyrkja fullsett til gudstenesta.

På Rypdal var det før noko så uvanleg som juletefest på bedehuset 1. juledag. 2. juledag var det juletefest for vaksne på ungdomshuset.

Og 3. juledag var det juletefest for barn på ungdomshuset.

Kva skikken er no? Vi fylgjer tradisjonen, men med nokre endringar. Noko vi har byrja med er at vi brukar berre levande lys i stauen når vi et saueribba. Det elektriske lyset blir sløkt. Dei levande lysa skin frå den gamle lysekruna over bordet, som er ei gammal ombygd parafinlysekrune. Rundt oss i skuggane har vi dei gamle møblane frå 1880-åra. Då er det jul.



Julenatt ved Tresfjordkyrkja

Av Knut Romestrand

Det står eit gammalt kyrkjehus
utved den kalde mørke fjord.
Og rundt omkring ho brenn det lys
og det er julenatt på jord.

Små lys står tende grav ved grav
til minne over dei som for
for dei som før har slokna av
og kviler her i heilag jord.

Til denne gamle kyrkja vår
dei kom i sol og regn og vind
med bøn om hjelp for sine sår
dei samlast her og gjekk så inn.

Eit tak av tre med stjerner på
apostlar og profetars gjerd
det fekk dei feste augo på
som du og eg når vi er her.

Og under dette stjernetjeld
så mildt ser ned Maria møy
og minner oss kvar julekveld
om barnet som vart fødd i høy.

Dei menn som med den kvasse egg
fekk tømra dette kyrkjehus
dei søv i dag ved gamle vegg
inn under sol og vindars sus.

Vi ser ho denne julenatt
i stjerneskin frå tusen år
Med nordlysleik på himmeltjeld
Den kjære gamle kyrkja vår

Ei kyrkje der vi kjem og går
og kanskje finn den bjarte skatt
i lag med dei som føre for.
Ein frelsar som vart fødd i natt.

Konsert Vestnes kyrkje torsdag 12. des. kl. 19.00

Til inntekt for å kunne få til et gjensyn med musikalen
"Ungen" som Vestnes Teaterlag fremførte i 1990, prøver vi oss
i år på noe nytt og spennende. Vi tar drama, sang og musikk,
i kombinasjon, inn i kirkerommet, og håper at vi skal få til en
magisk julestemning i Vestnes kirke med denne forestillingen/
konserten.

Inngang er gratis og åpent for alle. "Hatten går" ved døra, og
overskuddet vil i sin helhet gå rett inn i budsjettet for å finan-
siere storsatsingen vår, «Ungen» i 2020.

Prosjektgruppa består, pr. i dag, av Silje Nordvik, Elisabeth
Selnes, Marit-Ellen Salthammer og Janne Iren Holseter, og flere
fra teaterlaget blir med og bidrar både musikalsk og teatralsk.
Vi jobber nå med å få på plass de siste detaljene, og tror dette
skal bli en fin opplevelse både for de som sitter i benkene og
vi som står foran. Håper mange har lyst til å komme og dele
denne stunden sammen med oss.

Hjertelig velkommen skal du være!



Fargerik gjeng i prosjektgruppa

VESTNES TEATERLAG

Møre ungdomsskule besøkte Tresfjord kyrkje



Fredag 27. september var ei gruppe elevar og lærarar frå Møre ungdomsskule på ein 'Ut i det blå'-tur, og besøkte Tresfjord kyrkje. Martinus Løvik kåserte om kvifor kyrkja er bygd slik som den er, og kva symbola fortel oss og kva meining dekorasjonane har, ut over det å vere vakre. Som takk framførte to av lærarane etter ønskje den kanskje vakraste salmen i salmeboka vår, «*Jeg råde vil alle i ungdommens dage*», ein folketone frå Romsdal. Den vemodig-vakre melodien og den snirklete gamle danske teksten kledde både den vakre, lune gamle kyrkja og den ungdommelege forsamlinga perfekt, det vart i all si enkelheit - blokkfløyte og mannstemme - ei lita høgtidsstund av dei sjeldne. Nokre minutt sto tida stille i Tresfjord kyrkje denne fredags føremiddagen.

Diktaren i Åsbygda

Annbjörg Sævareid (62) skriv dikt, og har nettopp gjeve ut ei ny diktsamling, *Små glimt av store under*. Dette er den femte boka med egne dikt. I tillegg har ho også gjeve ut ein kalender med bilete og dikt eller bibelvers for kvar dag i året.

Eg møter Annbjörg i den trivelege heimen i Åsbygda. Dialekta røper eit opphav lengre sør på Vestlandet, og eg spør korleis ho hamna her i Vestnes.

- Eg kjem frå Tysnes i Sunnhordland. I 1979 gjekk eg bibelskule på Fjellhaug i Oslo, og var med i eit evangeliseringsteam. Vi kom til Vestnes, og skulle vere her i fire månader. Her traff eg Kåre, som no er mannen min. Snart drog eg til Malvik i Trøndelag for å gå på skule, men vi heldt kontakten, gifta oss etter kvart, og slo oss til ro i Vestnes. Eg har arbeid på sjukeheimen.

- Når tok du til å skrive dikt, har du gjort det heilt sidan du var ung?

- Nei, nei, eg var bortimot 50 år før eg skreiv første diktet. Eg hadde bestemt meg for å skrive dagbok, men så vart det dikt i staden. Strofene og rima kom til meg etter at det vart stille om kvelden, og eg hadde lagt meg. Slik er det av og til framleis. Eg har difor notisbok og blyant klar på nattbordet, så eg kan notere strofer og idear. Diktinga går litt i rykk og napp. Eg kan ikkje ha det for travelt, med hovudet fullt av andre tankar.

Inspirasjonen kan kome frå ein tale ho høyrer, frå eit bibelvers, eller ei naturoppleving. Ide og inspirasjon til diktet «Den sanne draumen» fekk ho medan ho sat på bussen frå Kristiansund og såg ut på den vakre naturen.

Ho håpar at dikta kan vere til hjelp for folk, hjelp til å bli kjent med Jesus, og hjelp til å takle livet. Det kjem tilbakemeldingar frå menneske som har funne hjelp og trøyst i dikta i vanskelege periodar i livet. Annbjörg seier ho er redd for å

verke lettvindt. Det er ikkje berre å be, så fiksar Gud alt slik du har tenkt. Han er med oss gjennom alt, både vondt og godt.

- Somme seier at dei ikkje kan tru på noko dei ikkje forstår. Men dersom eg kunne forstå Gud, så var han ikkje Gud. Han er mykje større enn det!

Nokre av dikta har vorte til songar. Sjølv har ho laga melodi til to – tre av dei, men også andre har sett tone til hennar dikt, av og til utan at ho sjølv har visst om det.

- Kan vi seie at diktinga er eit framhald av evangeliseringa du var med på for 40 år sidan?

Ja, kanskje det. Eg reiser også litt rundt på møter, gjerne i lag med Kåre, der Kåre talar og eg les dikt, syng og spelar gitar. Eg likar å syngje. I ungdomsskuletida var vi tre jenter som song i lag. Det var kjekt.

- Til slutt, sidan dette er eit julenummer: Har de juletradisjonar i familien?

Det er nok slik for meg, og sikkert mange andre, at det er jula frå barndommen som set standarden. I vår familie er det ikkje lett å følgje opp det, fordi vi arbeider i turnus, både Kåre, eg og alle barna våre. Da blir julefeiringa litt prega av det, men jula blir bra likevel. Tradisjonar og alt me synest høyrer med i jula er ei fin og god ramme, men eg ynskjer at Jesus skal vera hovudpersonen og innhaldet i jula. Han er Guds gåve til alle som vil ta i mot han.

Tekst og foto ved Asbjørn Gisnås.



DEN SANNE DRAUMEN

Eg reiste på ei bølge av draum og fantasi,
mellom stjerner og planetar, endelaust bak dag og tid.
Der var fjordar, fjell og dalar.
Der var fossar der var hav.
Eg såg store vakre hagar
som av gode frukter gav.

Eg såg det var eit land fylt av fred og harmoni.
Det var sagt at dei som var der dei var komne for å bli.
Der var ingen som vart sjuke.
Døden var eit ukjent ord.
Ikkje naud og ikkje hunger.
Alle gjekk til dekkja bord.

Eg reiste langt og lenge utan tanke på å snu,
for i dette gode landet vil eg gjerne også bu.
I eit fredsrrike der alle
elskar Kongen dei har fått.
Ingen kjempar for sin rett,
for dei har det berre godt.

Dette landet som eg drøymmer om er meir enn fantasi.
Det er like sant og verkeleg som det eg lever i.
Tenk at Kongen min skal koma,
henta meg til landet der.
Det blir enda mykje betre
enn den draumen eg har her.

Jes. 33.17.

**Augo dine skal skoda Kongen i hans herlegdom,
Eit vidstrakt land skal dei sjå.**

Foto HelgeBjerkvoll

Dikta er skrivne av: Annbjørg Sævereid

DET STRÅLA EIT LJOS

Det stråla eit ljøs over verda
då englar frå Gud steig ned.
Det gjekk slik profeten forkynte;
Messias skal koma med fred.
Det var ikkje kongar og fyrstar
som fekk dette bod om å gå,
men fattige hyrdar på marka,
som barnet i krubba fekk sjå.

Det tona ein song over verda
frå tusentals englars munn.
Dei song om den evige Frelsar
som fødest i same stund.
Det var ikkje kongar og fyrstar
som fylte Guds katedral,
men fattige hyrdar på marka
som kom til ein liten stall.

Det vakna ei von over verda
då Jesus steig ned til vår jord.
Gav avkall på himmelens glede -
Guds Son som var mektig og stor.
Det var ikkje kongar og fyrstar
som venta med glitter og prakt,
men fattige hyrdar på marka
fekk sjå han i krubba var lagt.

Det fødest eit liv i kvart hjarta
som ser denne kongen som sin.
Ein lovsong blir skapt til Guds ære;
Tenk Jesus er frelsaren min!
Ja fattige hyrdar på marka
og menneske, slike som deg,
og kongar og fyrstar og alle
som trur har han kalla til seg.

Jes. 9.6.

**For eit barn er oss født,
ein son er oss gjeven.
Herreveldet kviler på hans skulder,
og han skal kallast med namnet,
Under, Rådgevar, Veldig Gud,
Evig Far, Fredsfyrste.**

No stig vår song!

Av Astrid Margrete Løvik

Alle hugsar me TV-suksessen frå november 2014, *Salmeboka minutt for minutt*. Der vart 899 salmar sungne kronologisk av kor, grupper eller solistar gjennom tre døgn direkte på fjernsynet. Salmar er noko vi alle kjem i kontakt med, anten vi syng dei sjøl eller ei. For dei fleste familiar er salmane med i rammene rundt dei store gleder og sorger eller markeringar i livet.

I år er det på nytt sett fokus på salmar, men som bok denne gongen fordi vi feirar «Boka sitt år». Det første trykte ordet kom til Noreg for 500 år sidan i form av to messebøker, noko erkebiskopen i Nidaros, Erik Valkendorff, stod for. Det er i seg sjølv eit jubileum verdt. Meir viktig for songen til den jamne kvinne og mann er at i 2019 er det 150 år sidan dei første salmane vart trykt på norsk. Ikkje nok med det, desse første salmane var skrivne på landsmål!

Etter reformasjonen vart dei latinske tekstane i gudstenesta erstatta av dansk, ofte ispedd ord med tysk opphav. Salmetekstane låg slik langt frå det folkelege språket, noko som bana veg for tankane om ei norsk salmebok. I 1869 kom heftet «*Nokre salmar, gamle og nye*» ut på landsmål. Dette heftet kom året før Landstad si norske salmebok. Bak denne «revolusjonen» i kyrkje-rommet stod presten og professoren, diktaren og den seinare kyrkjestatsråden Elias Blix. Han hadde først sendt ut ein «prøveballong» på ein landsmålsalme under ei julegudsteneste. Salmen heitte «*No koma Guds englar med helsing i sky*». Reaksjonen på denne eine salmen vart så positiv at forfattaren arbeidde vidare med sitt salmeprojekt på folkemålet.

At folk frå 1869 kunne syng salmar i kyrkja på eit mål som låg nærare det dei tala til dagleg, må ein tru ga sterkare eigarskap til songen. I dag er det vel ingen dialektbrukar som kjem i skikkeleg jule- eller 17. mai-stemming utan at nynorske salmar er med under gudstenesta. Nynorsk i denne samanheng er ikkje lenger kontroversielt. Salmesong på norsk folkemål er vel verdt eit jubileum.

Møre bispedømmeråd arrangerte i haust saman med Nasjonalbiblioteket, Møremusikarordninga i Møre og Romsdal fylke og Nynorsk kultursentrum ein salmekonsert med nynorske salmar i nokre av kyrkjene rundt om i fylket.

Utøvarane var tekne frå øvste hylle, som den pensjonerte operasongaren Magne Fremmerlid og møremusikaren, pianisten Bjørnar Myhr. Under pausane i songen fekk vi historia bak det første salmeheftet, og forfattarhistoriene. Desse vart presentert i kåseriform av

Gaute Øvereng, administrasjonssjef ved Nynorsk kultursentrum.

Konserten i Grytten kyrkje 23. september vart ei stor oppleving for oss som var der. Eit tjuetals salmar, frå Edvard Hoem sin «*No stig vår song*», Lina Sandell sin «*Jerusalem*», til Jakob Sande sin shanty «*Kvar gong Jesu navn eg nemner*», tona mot oss med stor kraft, varme og glød. Akkompagnementet var i særklasse. Både teksten og melodien vart opplevd med djupare kontrastar i det «rommet» som akkompagnatøren skapte. Slike opplevingar stimulerer sanggleda!

Diverre kom ikkje denne salmekonserten til Vestnes sine kyrkjer, men ein kan få mykje att for å besøke nabosokna sine kyrkjer i slike høve.



Magne Fremmerlid song med akkompagnement av pianisten Bjørnar Myhr under salmekonserten *No stig vår song!* i Grytten kyrkje på Veblungsnes den 23. september.

BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus vart fødd i ein stall i Betlehem.



- Ein mann søkte jobb på sirkus.
- Kva er det du kan, då? spurde sirkusdirektøren.
 - Eg kan etterlikne fuglar!
 - Det kan jo alle, vi har ikkje bruk for deg!
 - Nei vel! sa mannen og flaug sin veg.

Vitsar

Du veit du er blitt vaksen når du har slutta å vekse i begge endar, og berre veks på midten.

Finn 5 feil

Teikningar: Trevor Keen

Engelen fortalde gjetarane at frelsaren var fødd. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Finn 8 namn frå juleforteljinga!

Åtte personar og stader frå juleforteljinga er gøymde inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover.

S	N	E	K	G	O	P	E
J	E	J	S	A	P	R	I
O	M	O	L	B	H	U	V
N	A	S	A	R	E	T	I
S	R	E	U	I	R	E	N
O	I	F	G	E	O	S	K
K	A	F	U	L	D	N	E
J	U	L	S	I	E	U	L
O	L	E	T	Y	S	T	C
J	E	S	U	S	C	E	O
A	B	I	S	A	L	R	M
B	E	T	L	E	H	E	M

Vi anbefalar barnebladet BARNAS!

Denne sida er henta frå bladet.



Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller **22 08 71 00**

Glimt frå Kor og Konfirmant Kick Off i Kråkvil



Ein Kjekkk Korgjeng i Tomrefjord



Kjekt med Kor på Helland.



Konfirmantane fekk diverse oppgåver dei skulle utføre...



Tautrekking er alltid populært.



Det er ikkje enkelt å samarbeide når beina er knytt saman...



Ein flott gjeng med humøret på topp.

ka, og andre trusopplæringstiltak i kommunen



Flotte konfirmanter på pilegrimsvandring mot Vestnes kyrkje.



«The Churchrats» under Gudsteneste med Trøkk i Vestnes kyrkje. Frå venstre: Andreas Kvande Sylte, Kristian Bjørlykhaug, Preben Volle, Vilte Brezgyte, Marit-Ellen Lund Salthammer og John Sylte



Supert å vere kioskansvarleg på 10+.



10+ = Aktivitet, andakt, drama, musikk mat og gode vener.



Frå utdeling av bok til 2 og 4 åringar i Vike kyrkje.

Nye golv i Vike kyrkje

Som kyrkjeverje Olav Egil skriv nedanfor, har Vike kyrkje fått nye golv i haust. Det gjeld våpenhuset (hovud-inngang), to sakristi, gangane i underetasjen og trappene. Dette var svært etterlengta, fordi det gamle belegget rett og slett var stygt. Vike sokneråd er difor glade for at det vart rom for å gjere dette no. Arbeidet vart utført i oktober og november, og resultatet er fint.

Asbjørn Gislås



Godt forarbeid er viktig. Lim og restar av det gamle belegget måtte slipast vekk. Tor Ivar Faksen gjer klart for flislegging i våpenhuset. Foto Tormod Hoel.



Ny soknerådsleiar med nytt golv. Emil Balstad er fornøgd med arbeidet.

Kyrkjeverja sitt hjørne

Hausten er over og desember står for tur med stor aktivitet i kyrkjene. Det blir fleire konsertar av eksterne songarar/musikarar, og adventskonsertar i kyrkjeleg regi i alle kyrkjene våre. Det er mykje å gle seg til for song- og musikkinteresserte i desember.

I Vike kyrkje er vi no ferdig å legge golvfliser. Gammalt belegg er erstatta med golvfliser i våpenhuset, sakristirom, trapper opp til galleriet og ned i underetasjen, og vindfang og gang i same etasje. Det gamle belegget var slitt og falma etter nær 50 år, og kyrkja vil presentera seg frå ei heilt anna side når det skal feirast 50-års jubileum for kyrkja i 2020.

Arbeidet for barn- og ungdom i kyrkjeleg regi har gått for fullt i haust, og det kan i det høve nemnast at KRIK hadde ein vellykka weekend i Fosnavågen i oktober. Rundt 30 deltakarar var med, og dei hadde base i Herøy nye kyrkje der dei overnatta. Asle Klock i spissen for leiarane tok dei med på Go-cart, paintball og svømmeaktivitetar i det flotte bassenget der ute på dagtid, og det var kors-samlingar på kveldstid. Eit utruleg populært tiltak.

Jostein Maude har hatt pappa-permisjon i haust, og er

attende i arbeidet som kantor i midten av desember. Det har vore mange vikarar innom for han, men eg vil først og fremst få takke vår tidlegare kantor, Sissel Schjøtt, for at ho har hjelpt oss i mange gudstenester, gravferder og andakter på våre institusjonar. Ein annan som skal takkast, er Gunnar Ajer, som vikarierte som kantor i november månad. Samtidig gler vi oss til å få Jostein inn i staben att.

Vi har hatt soknerådssval i haust, og dei nye sokneråda trådde i kraft frå 1. november. Det er ressurssterke personar vi får i alle 4 sokneråda i komande 4-års periode. Det nye fellesrådet trådde i kraft frå 1. desember, og dei er også valde for 4 år. Vi ønskjer dei lykke til i arbeidet dei har framfor seg.

Til slutt vil eg ønskje alle våre lesarar ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år, og håpar at mange tar turen til kyrkjene våre både i desember månad og vidare utover neste år.

*Olav Egil Tomren
kyrkjeverge*

Glimt frå triveleg friluftsgudsteneste i Øygardsbukta på Rekdal i august



Fiksdalskonfirmantar jubilerer



I Fiksdal var det stort konfirmasjonsjubileum siste søndagen i august. Det var konfirmantar for 50, 60 og 70 år sidan som vart presenterte og intervju av sokneprest John Sylte.

Framme frå venstre: Kari Johanne Fiksdal, Kirsten Bjerkevoll Godø, Torhild Rekdal Wernberg, Irene Nakken Ulvestad og Grete Nakken Eik. Bak f.v.: Kjell Arne Nakken, Svein Rekdal, Jan Kristian Liabø, Helge Ellingseter, Børge Grønningseter, Otto Ræstad, Edmar Bjerkevoll, Karl Johan Marken, Odd Johan Johansen, Reidar Ellingseter og Roy Nakken.

Sokneråda i Vestnes 2019 – 2023

09. september 2019 var det val av sokneråd. Ein del soknerådsmedlemmer var villige til å ta fatt på ein ny periode, men òg ein del nye folk kom til. Alle tok til i sitt tillitsverv 1. nov., og Kyrkjebladet ønskjer dei lykke til i dette viktige arbeidet for alle kyrkjelydane i kommunen.



Vike sokneråd: Framme frå venstre: Asbjørn Gisnås, Bjarne Leikarnes, Oliver Richard Hegdal Hoem (vara), Emil Balstad (leiar) Bak frå venstre: Liv Randi Sæter Balstad, Anna Sigrun Vollen Balstad, Liv Gunn Gisnås, Olha Lyakhovyn (vara), Wenche Rødal (vara). Ikkje til stades: Silje Anita Kildal Uri (vara)



Tresfjord sokneråd: Frå venstre: Turid Skorgen (vara), Magnhild Bjermeland, Ellen Johanne Andreassen (leiar), Beate Løvik (vara), Harald Bjermeland (vara), Ole Kristian Løkke, Lars-Helge Eidhamar og Tore Bjermeland. Ikkje til stades Ivar Arne Gjeitnes og Øystein Løvik (vara)



Vestnes sokneråd: Frå venstre: John Sylte (sokneprest), Kari Moe Elgsaas(vara), John Meier Hurlen, Per Ottar Bjørdalsbakke, Arild Hustad(vara), Peggy Engås, Nina Kvernmo, Marit Anderson, Ann Kristin Frafjord(vara), Tone Fjærtøft Aas(vara), Randi Beate Kleive Bredeli og Håvard Skrede(leiar). Ikkje til stades: Lars Tore Bjermeland, Ingvar Gjelsten Eidsvik(vara).



Fiksdal sokneråd: Frå venstre: Anne Ingebjørg Solli Rekdal(vara), Ola Nakken, Reidun Johanne Drabløs Oterhals, Kjell Magne Nakken, Thor Ringsby(leiar), Petter Inge Bergheim(vara) og Sigmund Rekdal. Ikkje til stades: Åse Karin Marken, Gunnar Elias Kjærstad(vara), Harald Anders Nakken(vara) og Steinar Kjerstad Aasgard(vara).

Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine...

Av Per Audun Høgset

From a distance

Kanskje nokre av Kyrkjebladet sine lesarar er kjende med Julie Gold sin vakre song «From a distance». Bette Midler og Cliff Richard har også spela inn denne vakre songen. Han er gjendikta til norsk og vakkert framført av Ingebjørg Bratland (På avstand).

Meiningsfulle tekstar, men etter mi meining blir det eit heilt anna utgangspunkt når «God is watching us from a distance» som det står i den opprinnelege engelske teksten. Vi blir gjort ansvarlege, ikkje minst som einskilte individ, men òg lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt, og vi må samarbeide på tvers av grenser, hudfarge, kjønn, legning, religion, alder og politisk ståstad. I den norske utgåva er ikkje Gud teken med.

Tekst og melodi finn de på internett, både den norske og den originale utgåva, ved å søke på «From a distance» og «På avstand».

Tidlegare har vi fokusert på klima og mennesket si rasering av natur og artsrikdom. I «From a distance» blir søkelyset retta mot menneskeleg liding og eit håp om at vi bidreg til å for-sone menneska, og at vi «er i same båt». I staden bygger vi stadig høgare murar og rullar ut meir piggråd for å stenge dei som ingenting har, bort frå våre landegrenser. Unge kvinner og menn i uniform blir sende ut for å sikre fred og utvikling. Det blir forsikra om at ein berre siktar seg inn mot fiendtlege, militære mål, men som alltid er det dei som har minst som blir skadelidande. Dei som har høve til det, prøver å komme unna og berge seg og familien. Mange av dei døyr på vegen mot fridom, dei segnar om i ørkenvarme, dei druknar i Middelhavet, eller dei hamnar i overfylte leirar der mange gjev opp og tek sine liv eller blir fysisk eller psykisk sjuke. Ein god del av desse blir misbrukte og øydelagde på veg mot stader dei aldri når fram til.

Krig og konfliktar er vel det som dei fleste av oss vil tenke på som årsak til at menneske ikkje ser noko anna råd enn å gje seg ut på ei svært risikofyllt vandring. Ein del flyktingar finn vi internt i eige land, og naboland (som t.d. Tyrkia og Libanon under den pågåande krigen i Syria) tek i mot mange. Ein liten del slepp inn i Europa, og nokre kjem seg til Norge der ein forsvinnande liten del av dei får permanent opphald.

“From a distance you look like my friend even though we are at war.”

From a distance I just cannot comprehend what all this fighting’s for.” (Utdrag frå “From a distance”)

Fattigdom er ein annan grunn til den stadig aukande straumen av menneske. Område på jordkloden der det ikkje finst moglegheit for å halde seg og familien i live, gjer at fleire flyktar. Miljøflyktingar er ei gruppe som vi nok må rekne med vil auke i tal i åra som kjem. Menneskeskapte endringar i klima fører til stigande havnivå, sterkare stormar, tørke



og ekstrem varme, flaum og jordskred for å nemne nokre konsekvensar. Lågtliggende øyer og landområde blir liggande under vatn, tørke fører til forvitring av jordsmonnet og mat-mangel, havet blir varmare, og snart vil det vere meir plast enn fisk i havet. Heimstaden blir viska vekk frå kartet, livsgrunnlaget forsvinn og kva anna kan ein gjere enn å prøve å finne ein stad der ein kan brødfø seg og sine.

“From a distance we all have enough and no one is in need.”

And there are no guns, no bombs and no disease no hungry mouths to feed.” (Utdrag frå “From a distance”)

Alt heng saman, og dei rike landa sitt overforbruk bidreg ikkje i positiv retning. Adventstida som vi no er inne i, er ei tid der vi ventar på at Jesus skal komme og bu saman med oss. Han som for over 2000 år sidan vart fødd i ein stall i Betlehem, skal komme tilbake, og han er nok lite oppteken av kor velstående og vellukka vi er i det ytre. Kanskje kan Matteus 25, 34-40 vere ei lita påminning til oss i førjulstida og elles i året. Kva er eigentleg viktig for oss? Kva vil vi skal stå som overskrift for vårt liv?

«Så skal kongen seia til dei på høgre sida: ‘Kom hit, de som er velsigna av Far min, og ta i arv det riket som er gjort i stand til dykk frå verda vart grunnlagd. For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg. Då skal dei rettferdige svara: ‘Herre, når såg vi deg svolten og gav deg mat, eller tørst og gav deg drikke? Når såg vi deg framand og tok imot deg, eller naken og kledde deg? Og når såg vi deg sjuk eller i fengsel og vitja deg?’ Men kongen skal svara dei: ‘Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.»

Ønsker både store og små ei god og roleg førjulstid og julehelg!

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

John Sylte, sokneprest

Telefon: 71184234/ 91865064

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Anders Barstad, sokneprest

Telefon 71184237/ 94846246

E-post: anders.barstad@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 71184232

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjerje

Telefon: 71184235/ 91629416

E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 71184236/ 97499175

E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor

Telefon: 71184230/ 92226151

E-post: jostein.maunder@hotmail.com

Geir Falch, kyrkjetenar Telefon: 90217404

Nina Kvernmo, konfirmandlærer

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gismås, Martinus Løvik,
Nina Kvernmo og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret 6390 Vestnes

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

Vi er avhengige av gåver til drift og distribusjon av
Kyrkjebladet.

Kontonummer 4056.20.62124

Kyrkjebladet har fått Vipps.

Vippsnummeret er: 511986

Det er mulig å bestille bladet
for dei som bur utanfor kommunen.

Ettermiddagskafé på Kyrkjestova i Tresfjord

Ettermiddagskafé på Kyrkjestova i Tresfjord

Følgjande tysdagar frå kl.16.30 - 18.30

03. des., 07. jan., 04. feb., 03. mars, 31. mars

Inga påmelding, her er det berre å møte opp!

Treng du skyss til ettermiddagskafé?

Ring då til Silje Sylte på telefonnr.: 950 93 306.

Ta kontakt i god tid så det kan samkjørast
på best muleg måte. Omsorgstilbodet er eit samarbeid
mellom Tresfjord Røde Kors og Tresfjord sokneråd.



Adventskonserter i kyrkjene våre

3. sön. i advent, 15. des.

Vestnes kyrkje kl. 15.00

Vestnes skulekorps (arr.)

Tomra Brass Band

Tomrefjord skulekorps

Tomrefjord songlag

Vike kyrkje kl. 17.00

Arr.: Vike sokneråd

Rauma Gospelkor

Vestnes musikklag

4. sön. i advent, 22. des.

Fiksdal kyrkje kl. 20.00

Vi syng jula inn.

Fiksdal/Rekdal Janitsjar (arr.)

Tomrefjord Songlag, Jostein Maude

Songsolistar

Tresfjord kyrkje kl. 19.00

Tresfjord Janitsjar (arr.)

Spelemannslaget Däm og Drag

Min julesalme

Av Ann Kristin Frafjord



Julesalmen eg vel meg er «Deilig er jorden».

Eg lyttar til mykje forskjellig julemusikk med ulike artistar i adventstida. Når eg baker julekaker må eg alltid spele litt julemusikk. Det er så mange fine julesalmar, så det var ikkje så lett å velje ein. Den som gir meg skikkeleg følelse av julehøgtid er: «Deilig er jorden». Spesielt når alle reiser seg og syng den i kyrkja på julaften, då får ein verkeleg kjensla av høgtid. Både teksten og melodien er flott synest eg. Den fortel om både fortid, notid og framtid. For meg er det den ultimate julesongen for å kome i høgtidsstemning.

Med ønskje om gledeleg jul til alle!

Deilig er jorden

Deilig er jorden, prektig er Guds himmel, skjønn er sjelenes pilgrimsgang! Gjennom de fagre riker på jorden går vi til paradys med sang.

Tider skal komme, tider skal henrulle, slekt skal følge slekters gang; aldri forstummer tonen fra himlen i sjelens glade pilgrims-sang.

Englene sang den først for markens hyrder; skjønt fra sjel til sjel det lød: Fred over jorden, menneske, fryd deg! Oss er en evig Frelser født!

Min julesalme

Av Nils-Berge Sundfør



Etter å ha budd på Vestnes i snart to år, fekk eg spørsmål frå Kyrkjelydsbladet om å velje Min julesalme. Valget var ikkje heilt enkelt, det er mange som er både kjende og kjære for meg. Julesalmen eg til slutt stansa ved, er kanskje ikkje den vi syng mest i jula, men salmen gjev meg heile evangeliet i desse tre versa.

Eyvind Skeie omsette det første verset frå ei amerikanske julesalme skriven i 1885, «Away in a manger», og han skreiv sjølv to nye vers i 1979. Nynorsk tekst kom i 1988.

Ei krybbe var vogga som venta han her

Ei krybbe var vogga som venta han her,
det vesle barn Jesus, vår Frelsar, så kjær.
Men stjernene lyste så vismenn fekk sjå,
det vesle barn Jesus, på leiet av strå.

Så enkelt og stille kom Gud til vår jord,
så høgt er eg elska av Jesus, min bror.
Han kom frå Guds himmel, Gud sjølv var han lik,
men Jesus var fattig og eg er blitt rik.

Frå krubba til krossen gjekk vegen for deg,
slik opna du porten til himlen for meg.
Velsign oss, ver med oss, gje ljøs på vår veg,
Så alle kan samlast i himlen hjå deg.

Norsk salmebok nr. 56

KAFFEKROKEN



Slekters gang

Vestnes kyrkje/sokn

Døpte:

18.08 Adrian Jensen Sandnes
18.08 Aksel Kjellbotn Nærø
15.09 Joakim Stokkeland Høyer
15.09 Oscar Rundtom Stokkeland
27.10 Ine Bårdsnes Tomren
27.10 Edward Kirkeslett
27.10 Liam Sagen
27.10 Iva Tomren Engen
27.10 Emil Bufan
10.11 Mathias Ødegård Nese
01.12 Iver Moen Bjermeland

Vigde:

31.08 Monica Blom Dolpen og
Erling Olav Rosvoll Falch
21.09 Helge Andre Reistad og Arceneth
Marcelio Arceeno (Forbøn)
05.10 Elise Maria Letrud og
Kristoffer Wiik

Døde:

07.09 Petter Olger Dyrøy
09.09 Anne Helene Gjerde
10.09 Jonny Ove Gjelsten
14.09 Elisabeth Sønstadbo
17.09 Tage Amstrup Christensen
02.10 Torfinn Wiggo Simensen
07.10 Aslaug Kristine Gjeitnes
09.10 Jorid Misfjord
15.10 Anne Randi Frøysa Eik
22.10 Rolf Marius Blomvik
07.11 Aslaug Naas
08.11 Arnfinn Helgesen
08.11 Bjørn Peter Nakken

Fiksdal kyrkje/sokn

Døpte:

25.08 Daniel Catane Gjelstenli
25.08 Kasper Nordvik
25.08 Abel Solbakken Røraas
08.09 Mathilda David Hjelvik
20.10 Mathea Myklebust Anundsen
20.10 Maja Elise Bergheim Rørvik

Tresfjord kyrkje/sokn

Døpte:

25.08 Elsa Irene Must
25.08 Olav Lindset Øvstedal
25.08 Silas Longva Valldal
22.09 Johannes Pedersen Vik
22.09 Emrik Nybø Skjegstad
13.10 Adrian Hildre Tomren
13.10 Leon Petter Hildre Tomren
17.11 Ingrid Bjermeland Rusten

Døde:

06.09 Tormod Bjermeland
05.11 Oddvar Larsen

Vike kyrkje/sokn

Døpte:

29.09 Ada Domaas Longva
03.11 Anna Oline Skoglund Talberg

Temamøte 5. februar i Vestnes kyrkje kl. 19.00

«Kvifor og korleis lese i Bibelen»

Ved misjonær Aud Bovim

Arr. Undervisningsutvalet til Vestnes sokneråd.



Foto HelgeBjerkvoll

«O Helga Natt»

Konsert med Tomra Brass Band
Vestnes kyrkje 14. des. kl. 18.00

Sangerekteparet Magne Fremmerlid og Charlotte Fongen kommer i år til Tomra Brass Band sin årlige julekonsert i Vestnes kyrkje.

Ekteparet har i ei årrekke hatt julekonserter i forskjellige kirker i Møre og Romsdal. I år kommer de også til Vestnes kyrkje. Magne og Charlotte har begge bakgrunn fra Den Norske Opera i Oslo, men de har og brei bakgrunn fra ulike musikalske sjangere. Konserten vil inneholde perler fra kjente og kjære julesanger fra vår egen juletradisjon.

Denne kvelden kan publikum komme i julestemning med kjente og kjære julesanger i tillegg til vakker vokal. Her vil vi få høre feks «O Helga Natt». Og mange flere nydelige julesanger.

Vi anbefaler å ta turen til Vestnes Kirke for en stemningfull opplevelse i førjulstida.



Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar sjå heimesida www.vestnes.krykja.no)

11. des. onsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med Trøkk! Takkoffer til Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag-NKSS

15. des. 3. s. i advent

Vestnes sjukeheim kl. 11.00

Nattverdsgudsteneste.

Vestnes kyrkje kl. 15.00

Adventskonsert.

Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

Vike kyrkje kl. 17.00

Adventskonsert.

22. des. 4. s. i advent

Tresfjord kyrkje kl. 19.00

Adventskonsert.

Fiksdal kyrkje kl. 20.00

Vi syng inn jula.

24. des. Julaftan

Tresfjord kyrkje kl. 14.00

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 14.00

Julaftangudsteneste. Takkoffer til Tomrefjord kristne forsamlingshus.

Vestnes kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

25. des. 1. Juledag

Vestnes kyrkje kl. 12.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Maritastiftelsen.

Fiksdal kyrkje kl. 12.00

Familiegudsteneste.

Takkoffer til Det norske

Misjonsselskap.

26. des. 2. juledag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Dåpsgudsteneste. Takkoffer til

Det norske Misjonsselskap.

05. jan. Kristi openberringsdag

Vike kyrkje kl. 16.00

Nyårsfest.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

12. jan. 2. s. i openberringstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Bibelselskapet

19. jan. 3. s. i openberringstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste.

Utd. til 1. klasse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med Trøkk!

Takkoffer til KRIK Vestnes.

26. jan. 4. s. i openberringstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til utsmykking i kyrkja.

02. feb. 5. s. i openberringstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.

Utd. til 1. klasse.

Kyrjekaffi. Takkoffer til

Søndagsskulen Romsdal krets.

09. feb. Såmannssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Det norske Bibelselskap.

16. feb. Kristi forklarelsesdag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

trusopplæringa i soknet.

23. feb. Fastelavssøndag

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

26. feb. Askeonsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Skriftemålgudsteneste.

Takkoffer til

Everlasting Life Mission Pakistan.

01. mars 1. s. i fastetida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Felles misjonsgudsteneste for alle sokna. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal.

08. mars 2. s. i fastetida

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med Trøkk. Takkoffer til eigen kyrkjelyd, ungdom.

15. mars 3. s. i fastetida

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Tomasmesse. Takkoffer til Barnevakten (bevisst mediabruk).

22. mars Maria bodskapsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.

Utd. til 1. klasse. Barnekoret deltek, bibeldagen.

Takkoffer til Barnevakten.

29. mars 4. s. fastetida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kyrkjebladet.

Vike kyrkje kl. 13.00

Tårnagentgudsteneste.

Utd. til 1. og 3. klasse.

Takkoffer til trusopplæringa i soknet.

Redaksjonen ønskjer lesarane GOD JUL